



SULA KOMMUNE

HEILSKAPLEG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

HOVUDDOKUMENT


Innhald

1.0 Innleiing	3
1.1 Kommunal beredskapsplikt	3
1.2 Krav til heilskapleg ROS- analyse.....	4
1.3 FN` s berekraftsmål.....	4
2.0 Mål, rammer, føresetnader og avgrensingar.....	5
2.1 Mål	5
2.2 Rammer.....	5
2.3 Føresetnader og avgrensingar	5
3.0 Samfunnsverdiar, konsekvenstypar og kritiske samfunnsfunksjonar	6
3.1 Samfunnsverdiar	6
3.2 Kritiske samfunnsfunksjonar- og tenester	6
3.2.1 Kritiske samfunnsfunksjonar	7
3.2.2 Kriterium for sannsyn og konsekvens	7
3.2.3 Konsekvenskategoriar	8
3.2.4 Sannsynskategori.....	9
3.2.5 Matrise	10
4.0 Risikoområder og kommunebeskriving	10
4.1 Risikobilete	10
4.2 Eksisterande og framtidig risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen.....	11
4.3 Risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område	11
4.4 Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre.....	11
4.5 Særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur.....	12
4.6 Vurdering av evne til å oppretthalde tenestenivå og gjenoppta verksemd etter at hending har skjedd	12
4.7 Behovet for varslings og evakuering.....	12
4.8 Kommunebeskriving.....	13
5.0 Utvalde hendingar.....	15
6.0 Gjennomføring og metode.....	15
7.0 Funn.....	16
8.0 Kjelder.....	17

1.0 Innleiing

Ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse er eit verktøy for risikostyring. Hensikta er å kartleggje risiko og sårbarheiter, samt moglegheiter for å redusere risiko.

Ei heilskapleg ROS-analyse tek utgangspunkt i ei uønskt, overgripande hending (eit scenario) for heile lokalsamfunnet. Denne hendinga har ein eller fleire årsaker og kan få konsekvensar for liv og helse, samfunnsstabilitet, natur og miljø og materielle verdiar osb. Ein kan setje inn sannsynreduserande tiltak for å forebygge, og konsekvensreduserande tiltak for å redusere konsekvensar, som vist nedanfor (sløyfemodellen).



1.1 Kommunal beredskapsplikt

[Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret](#)

(sivilbeskyttelsesloven) gjeld frå 25.06.2010. Kommunal beredskapsplikt går fram av kapittel 5. Heimelsgrunnlaget for risiko- og sårbarheitsanalyse er å i finne i lova § 14:

«Kommunen pliktar å kartleggje kva for nokre uønskte hendingar som kan skje i kommunen, vurdere sannsynet for at desse hendingane skjer og korleis dei i så fall kan påverke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderast og samanstillast i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.»



FIGUR 4. Sammenheng mellom kommunal beredskapsplikt og andre beredskapsplikter i kommunen.

[Forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) utdjupar og set minstekrav til kommunal beredskapsplikt.

1.2 Krav til heilskapleg ROS- analyse

Heilskapleg ROS-analyse er ein sentral komponent i beredskapsarbeidet i Sula kommune. Analysen tek føre seg uønskte hendingar med høg risiko som kommunen kan bli råka av, og set retning for det førebyggjande og konsekvensreducerande arbeidet med samfunnsikkerheit og beredskap.

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal forankrast i kommunestyret og reviderast kvart 4. år.

I følge forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 skal analysen som eit minimum omfatte:

- a) eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen.
- b) risiko og sårbarheit utanfor det geografiske området til kommunen som kan ha betydning for kommunen.
- c) korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre.
- d) særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur.
- e) evna kommunen har til å halde oppe verksemda si når ho blir utsett for ei uønskt hending og evna til å ta opp att verksemda si etter at hendinga har skjedd.
- f) behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

Kommunen skal sjå til at relevante offentlege og private aktørar blir invitert med i arbeidet med utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysen.

1.3 FN` s berekraftsmål



FNs berekraftsmål er ein global overbygning for å ta tak i vår tids største utfordringar. Berekraftsmåla skal liggje til grunn for samfunnsplanlegginga. Når det gjeld samfunnstryggleik er særleg måla om «god helse og livskvalitet», «bærekraftige byar og lokalsamfunn», «fred, rettferd og velfungerande institusjonar», og «samarbeid for å nå målene» relevante i ein beredskapssamanheng.

2.0 Mål, rammer, føresetnader og avgrensingar

2.1 Mål

Frå Sula kommune sin samfunnsplan 2025 – 2038 (planen er under utarbeiding):

«Sula er ein trygg kommune for folk og natur»

Det geopolitiske bilete med konflikhtar og uro krev at kommunen må arbeide innanfor rammene av at tryggleikssituasjonen vår er endra, og vi må til ei kvar tid ha ei oppdatert kriseforståing. Sula kommune har som resten av landets kommunar, eit generelt og grunnleggande ansvar for å ivareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen.

Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunen har eit ansvar for å sikre at alle skal ha ein trygg kvardag. Det skal vere trygt både for folk, men også naturmangfaldet og kulturmiljøa, å vere ein del av Sula kommune

2.2 Rammer

Arbeidsgruppa for heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i Sula kommune har valt å leggje DSB sin metoderettleiar, [Veileder til helhetlig risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen 2022](#) til grunn for arbeidet. I revisjonen har DSB brukt erfaringar frå arbeidet med kommunal beredskapsplikt og heilskapleg ROS. Dei har og bygd på erfaringar frå anna samfunnssikkerheitsarbeid, både på lokalt, regionalt og sentralt nivå. Det er tatt omsyn til generell samfunnsutvikling, særleg innan teknologi, klima og tryggleikspolitikk. I revideringa har de tatt omsyn til endringar i standard NS 5814:2021 “Krav til Risikovurderinger”.

I 2017 var Sula kommune si analyse basert på seks hendingar, ny analyse har 12. Dette grunna endringar i verda siste åra og dei årlege forventningsbrev som vi mottek frå Statsforvaltaren.

2.3 Føresetnader og avgrensingar

Analysen tek berre føre seg hendingar som må handterast i kriseleiinga, det vil seie på høgste nivå i Sula kommune sin beredskapsorganisasjon. Mindre alvorlege hendingar som kan løysast på einingsnivå er ikkje inkludert. Ei rekke hendingar som vart diskutert i det innleiande arbeidet med analysen, er ikkje tatt med i endeleg versjon då ein ikkje fann dei alvorlege nok eller at det ikkje er behov for tiltak utover dei som alt er på plass.

Organisering og krisehandtering i Sula kommune er basert på dei fire hovudprinsippa: likskapsprinsippet, ansvarsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet.

- **Likskapsprinsippet** inneber at organiseringa i ei krise skal vere mest mogleg lik den ordinære organiseringa.
- **Ansvarsprinsippet** inneber at den instansen som er ansvarleg for eit område i ein normalsituasjon, i utgangspunktet også har ansvaret ved ekstraordinære hendingar og kriser.
- **Nærleiksprinsippet** inneber at kriser skal handterast på lågast mogleg nivå.

- **Samvirkeprinsippet** inneber at myndigheit, verksemd eller eining har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

3.0 Samfunnsverdiar, konsekvenstypar og kritiske samfunnsfunksjonar

3.1 Samfunnsverdiar

Samfunnsverdiane er grunnlaget for arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Heilskapleg ROS skal skape bevisstheit om dei samfunnsverdiane som kommunen skal beskytte, gi kunnskap om kva som kan true og påverke verdiane, og vise kva som må til for å beskytte dei. I tabellen nedanfor er verdiane konkretisert med verditypar.

Samfunnsverdiar	Konsekvenstypar
Liv og helse	Antal døde Antal alvorleg skada og døde
Samfunnsstabilitet	Manglande dekning av grunnleggande behov Forstyrringar i dagleglivet
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø Langtidsskadar på kulturmiljø/kulturminner
Materielle verdiar	Direkte økonomiske tap Indirekte økonomiske tap

3.2 Kritiske samfunnsfunksjonar- og tenester

Kritiske samfunnsfunksjonar og -tenester ligg til grunn for vurdering av sårbarheit. Det er sårbarheita i og avhengigheita mellom dei kritiske samfunnsfunksjonane vi er opptatt av når vi vurderer dei utvalde hendingane. Vi må vurdere korleis funksjonar og tenester påverkar kvarandre og kva kommunen må gjere for å vere førebudd dersom desse svikter, f.eks. gjennom

samarbeid med nabokommunar. Når kommunen har ansvar for kritiske funksjonar og tenester har vi òg beredskapsansvaret.

Det er ikkje alltid den uønskte hendinga i seg sjølv, men følgjehendingar av den, som utfordrar samfunnssikkerheita. Også følgjehendingar kan treffe på tvers av fag- og ansvarsområde.

3.2.1 Kritiske samfunnsfunksjonar

- Forsyning av:
 - mat, varme og medisinar
 - energi
 - drivstoff
 - vatn
- Evne til å ta imot evakuerte
- Elektronisk kommunikasjon og IKT
- Drikkevatt, avløpshandtering og renovasjon
- Oppfølging av særleg sårbare grupper
- Framkomelegheit og transport
- Nødvendige helse- og omsorgstenester
- Kritiske velferdstenester
- Nød- og redningsteneste
- Styringsevne og kriseleiing
- Krisekommunikasjon

3.2.2 Kriterium for sannsyn og konsekvens

Kriterium for sannsyn, konsekvens, sårbarheit, usikkerheit og styrbarheit bygg på del kriterium som DSB nyttar i “Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen” (DSB, 2022). Dei fokuserer på sannsynet for at ei uønskt hending vil inntreffe, kva konsekvensar den uønskte hendinga vil kunne få, korleis den påverkar kritisk infrastruktur og samfunnsfunksjonar i kommunen, og kva usikkerheit det er knytt til analyseresultata i forhold til kunnskapsgrunnlag og sensitivitet. Ein har også vurdert forventa klimautvikling og korleis det kan påverkar risiko og sårbarhet.

Rettleiaren beskriver også ytterlegare to trinn – forslag av moglege tiltak for å redusere risiko og sårbarheit og vurdere styrbarheit (i kva grad kommunen sjølv har moglegheit til å påverke risiko og sårbarheit). Desse trinna vil kommunen gjennomføre som del av det vidare arbeidet og er ikkje dekkja i dette dokumentet.

Med risikoreduserande tiltak meiner vi førebuarande (sannsynreduserande) eller beredskap (konsekvensreduserande tiltak) som bidrar til å redusere risiko, til dømes frå raud sone og ned til akseptabel gul eller grøn sone i risikomatrisa. Dei risikoreduserande tiltaka medfører at plasseringa til hendinga i risikomatrisa blir forskyvd.

I NS 5814:2008 Krav til risikovurderingar er sårbarheit definert på følgjande måte:

"Manglande evne hos eit analyseobjekt til å motstå verknader av en uønskt hending og til å retta opp att normaltilstand etter hendingar har skjedd." Dette inneber at det motsette av sårbarheit er robustheit.

ROS-analysen vil vise kor sårbare- eller robuste kommunen er når ei uønskt hending oppstår.

3.2.3 Konsekvenskategoriar

I arbeidet er det nytta kategoriane 1 – 5, der 5 er mest alvorleg. Under følger tabellar med presisering av korleis desse kategoriane er knytt til dei ulike konsekvenstypane

Liv og helse:

Kategori	Dødsfall	Talet på skadde/sjuka
5	>10	>100
4	6 - 10	21 – 100
3	1 - 5	6 – 20
2	0	3 – 5
1	0	0 – 2

Stabilitet:

Manglande dekning av grunnleggande behov: Innbyggjarane manglar mat, drikkevatn, varme, medisinar som følge av hendinga				
Varigheit/ talet på berørte	Mindre enn 50 personar	50 – 200 personar	201 – 1000 personar	Meir enn 1000
Meir enn 7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5
3 – 7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
1 – 2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
Mindre enn 1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 1

Tap av tenester:

Innbyggjarane får ikkje kommunisert via ordinære kanalar, kome seg på jobb eller skule, manglar tilgang på offentlege tenester, infrastruktur og varer.				
Varigheit/ talet på berørte	Mindre enn 50 personar	50 – 200 personar	201 – 1000 personar	Meir enn 1000 personar
Meir enn 7 dagar	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5
3 – 7 dagar	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5
1 – 2 dagar	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4
Mindre enn 1 dag	Kategori 1	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3

Natur og miljø:

Langtidsskader på naturmiljø				
Varigheit / geografisk område som er berørt	Mindre enn Mindre enn 3 km ² /kmr	3 – 30 km ² /km	30 – 300 km ² /km	Meir enn 300 km ² /km
Meir enn 10 år	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 5	Kategori 5

Langtidsskader på kulturmiljø/-minner				
Grad av øydelegging/ status	Verneverdig kulturminne	Verneverdig kulturmiljø	Freda kulturminne	Freda kulturmiljø
Omfattande øydelegging	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4	Kategori 4
Avgrensa øydelegging	Kategori 1	Kategori 2	Kategori 3	Kategori 4

Materielle verdier:

Kategori 5	Meir enn 500 millionar kroner
Kategori 4	Mellom 200 og 500 millionar kroner
Kategori 3	Mellom 50 og 200 millionar kroner
Kategori 2	Mellom 10 og 50 millionar kroner
Kategori 1	Mindre enn 10 millionar kroner

Konsekvens for kommunens omdøme:

Kategori 5	Svært alvorleg omdømesvekking
Kategori 4	Meget alvorleg omdømesvekking
Kategori 3	Alvorleg omdømesvekking
Kategori 2	Mindre omdømesvekking
Kategori 1	Ingen omdømesvekking

3.2.4 Sannsynskategori

Kategori	Tidsintervall
Usannsynleg	Sjeldnare enn 1 gang per 50 år
Lite sannsynleg	1 gang i løpet av 10 – 50 år
Sannsynleg	1 gang i løpet av 5 – 10 år
Meget sannsynleg	1 gang i løpet av 1 – 5 år
Svært sannsynleg	Årleg

3.2.5 Matrise

KONSEKVENSS					
IKKE ALVORLIG	LITE ALVORLIG	ALVORLIG	KRITISK	KATASTROFALT	
SVært SANNsYNLIG IKKE ALVORLIG	SVært SANNsYNLIG LITE ALVORLIG	SVært SANNsYNLIG ALVORLIG	SVært SANNsYNLIG KRITISK	SVært SANNsYNLIG KATASTROFALT	SVært SANNsYNLIG
MEGET SANNsYNLIG IKKE ALVORLIG	MEGET SANNsYNLIG LITE ALVORLIG	MEGET SANNsYNLIG ALVORLIG	MEGET SANNsYNLIG KRITISK	MEGET SANNsYNLIG KATASTROFALT	MEGET SANNsYNLIG
SANNsYNLIG IKKE ALVORLIG	SANNsYNLIG LITE ALVORLIG	SANNsYNLIG ALVORLIG	SANNsYNLIG KRITISK	SANNsYNLIG KATASTROFALT	SANNsYNLIG
LITE SANNsYNLIG IKKE ALVORLIG	LITE SANNsYNLIG LITE ALVORLIG	LITE SANNsYNLIG ALVORLIG	LITE SANNsYNLIG KRITISK	LITE SANNsYNLIG KATASTROFALT	LITE SANNsYNLIG
USANNsYNLIG IKKE ALVORLIG	USANNsYNLIG LITE ALVORLIG	USANNsYNLIG ALVORLIG	USANNsYNLIG KRITISK	USANNsYNLIG KATASTROFALT	USANNsYNLIG

GRØN	Akseptabel risiko – førebuaende tiltak / beredskap er ikkje naudsynt, men bør vurderast
GUL	Akseptabel risiko – førebuaende tiltak / beredskap må vurderast
RAUD	Uakseptabel risiko – førebuaende tiltak / beredskap er heilt naudsynt

4.0 Risikoområder og kommunebeskriving

4.1 Risikobilete

Dei fleste kommunar har spesielle utfordringar knytt til for eksempel geografi, befolkning eller infrastruktur. Som andre kystkommunar er Sula kommune ofte utsett for vêr og vind. Dette er tidvis ei utfordring. Ein fordel med eit fokus på gjentatte hendingar, er at ein over tid får beredskap og trening i å handle raskt og effektivt når noko skjer.

Ein må likevel ta høgde for at også uventa hendingar kan oppstå. Vi har dei seinare åra m.a. opplevd ei skredulukke i Ålesund i 2008, askesky i 2010, terrorhandling på Utøya og Regjeringskvartalet i 2011, skuleskytingar i andre land, atomulukke i Tsjernobyl og Japan, tsunami i Indonesia, pandemi, digitalt angrep i Østre Toten kommune og krigen i Ukraina. Planverket skal førebu kommunen på å handtere uventa hendingar, jamvel om dette «ikkje vil skje hos oss».

4.2 Eksisterande og framtidig risiko- og sårbarhetsfaktorar i kommunen

Med bakgrunn i aukande folketal, forventna klimatiske endringar til det verre og usikker verdsbilete, blir det viktig for kommunen å ha rutinar og beredskap for å sikre busetnadar og innbyggjarar sine sårbare transportsamband, kommunikasjonslinjer, kraftforsyning m.m. Brot på slike grunnleggjande tenester blir stadig vanskelegare å handtere ettersom dei blir meir innvevd i, og avhengige av, kvarandre. Det vil og ha verknad i kva grad den einskilde innbyggjar har ein grunnberedskap for å motstå uventa hendingar.

4.3 Risiko og sårbarheit utanfor kommunen sitt geografiske område

Fleire hendingar kan skje utanfor kommunen sitt område som direkte kan påverke innbyggjarane sin kvardag, jf. Tsjernobyl-ulukka som førte store mengder atomnedfall over Skandinavia i tida etterpå. Sjukdomsepidemiar kan fraktast inn til landet og området med reisande jf. Covid-19-pandemien som førte til inngripande tiltak for å avgrense smitte, hindre dødsfall og oppretthalde kontinuitet i tenestene i over to år. Ulukker eller terrorhandlingar utanfor kommunen kan påverke kommunen gjennom innbyggjarar som blir direkte eller indirekte ramma. Det er difor viktig å oppretthalde og utvikle beredskapssamarbeidet på tvers av kommunegrensene.

4.4 Korleis ulike risiko- og sårbarhetsfaktorar kan påverke kvarandre

Rettleiar for heilskapleg ROS viser eksempel på at storm kan utløyse ei kjede av uønskte hendingar som kvar for seg kan utløyse ei ny krise:



Eksempel på følgjehendingar ved storm

I mange tilfelle utløyser ei hending ein stad ei krise i ein annan sektor: Om t.d. straumen går kan dette påverke omsorgstenestene sin bruk av elektrisk utstyr som er kritisk for oppretthald av livsfunksjonar hos enkeltpersonar. Ved straumbrot får bensinstasjonar ikkje nytte pumper, og dieselaggregat til sjukeheim kan gå tom.

Den kommunale planlegginga skal sikre at tiltak i ein sektor ikkje skapar utilsikta hendingar i andre sektorar, og samstundes planlegge for at kjedehendingar kan oppstå som må motverkast med heilskaplege tiltak.

4.5 Særlege utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur

Kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur er nærare omtalt i kapittel 4.5. Drikkevatn, straum, data- og telekommunikasjon er av dei mest sentrale funksjonane som eit moderne samfunn vanskeleg kan klare seg utan, i tillegg til transportnettet.

Sula kommune er vurdert å ha eit robust kraftforsyningsnett og data- og telesamband med fastlandet.

Kommunen har si hovud- og reservevassforsyning frå Ålesund, men kan ved særlege høve kople seg på reservevassforsyning i eigen kommune. Det meste av avløpssystemet er oppgradert siste åra.

Fastlandssambandet er sårbart ved større bilulukker eller anna som kan sperre infrastrukturen for mange reisande. Det er difor viktig at transportegararar som f.eks. Møre og Romsdal fylkeskommune har beredskap for å handtere ei mogleg hending raskt og effektivt. Alternativ infrastruktur inneber ekstra båttruter og omdirigering av ferjesamband.

4.6 Vurdering av evne til å oppretthalde tenestenivå og gjenoppta verksemd etter at hending har skjedd

Kommunen har etablert ein beredskapsorganisasjon og eit beredskapsplanverk for å oppretthalde forsvarlege tenester i eigne einingar ved uønskte hendingar.

Ved hendingar som går over lengre tid, vil det vere behov for forsterkning av beredskapsorganisasjonen med rulling av personell evt. også med bistand frå andre kommunar. Det er viktig å øve planverket både med varslingsøvingar og med gjennomgang av moglege hendingar med dei aktuelle einingar- og personar som blir råka.

Sula kommune har regelmessige beredskapsøvingar jamfør §7 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

4.7 Behovet for varsling og evakuering

Sula kommune sin varsling til innbyggjarane omfattar bruk av nettbaserte media, telefonvarsling, bruk av lokalradio og annonsering. Telefonvarsling skjer med melding via SMS/UMS (Unified Messaging System) og telefonmelding. Dette er adressebasert og når berre dei med fast adresse i eit definert geografisk område. Vi når ikkje tilfeldig besøkande eller tilsette i verksemdar med hovudadresse annan stad.

Politiet har nødvarsel som kan varsle alle som oppheld seg innafor eit geografisk område.

Kommunen har 2 satellitt-telefonar tilgjengeleg for samband med mellom anna nødetatane. Det er også ein samarbeidsavtale med Langevåg Røde Kors som har eige sambandsutstyr.

Kommunen nyttar Rayvn i kommunikasjon med Statsforvaltar og andre kommunar. Gjennom Rayvn kan vi varsle faste samarbeidspartar, men må kommunisere med dei på andre måtar.

Avgjerd om eventuell evakuering blir fatta av Politiet, i dialog med kommunen, jf. overordna beredskapsplan for Sula kommune.

4.8 Kommunebeskriving



Geografi:

- 58 km² landareal, ca 65 km² sjøområde.
- Skog og open fastmark utgjør 80 % av arealet.
- Ei av dei minste kommunane, men samstundes ei av dei mest folketette kommunane i fylket med 165 innbyggjarar pr km².
- Høgaste fjelltopp Vardane, 776 moh.
- Nær til Ålesund (by).

Natur:

- Utsett for uvêr og høg vasstand.
- Brusdalsvatnet vasskjelde (Ålesund).
- Rasfare: førebels ikkje kartlagt faresoner for skred i bratt terreng.
- Kvikkleire: ikkje identifisert faresoner i Sula.
- Fredingsområder på land og sjø - Sula har 5 område.
- Natur som inviterer til stor ferdsel.
- Fem naturvernområde: Djupvikvatnet – Kringlevatnet, Raudnesvika, Sulesund, Solevågsfjellet og Vegsundholmane – Veibustholmen.
- Stort sjøområde.
- Det har vore stor grad av nedbygging av landbruksjord i Sula sidan etter krigen.

Lenkjer til diverse kart og rapportar:

- Kart over [havnivå ved stormflo](#) (Kartverket)
- [Flomaktsomhetskart](#) (NVE)
- [Oversiktskart kvikkleire](#) (NVE)
- [Regional kartlegging av kvikkleire for Vestlandet](#) (Multiconsult på oppdrag frå NVE 2018)
- [Rapport: Grunnundersøkelse for kvikkleirekartlegging i Sula kommune](#) (GeoStrøm AS 2019)
- [Klimaprofil Møre og Romsdal](#) (Norsk klimaservicesenter)

Samfunn:

- Kommunen har til saman fem bygder: Langevåg, Fiskarstranda, Mauseidvåg / Eikrem, Solavågen og Veibust / Kvasnes.
 - 9.785 innbyggjarar (2024).
 - Folketalet har auka med 15 % dei siste 10 åra (2013 – 2023). Dette er den nest største prosentvise auka i befolkning av kommunane i fylket.
 - Demografi: Vi har ei ung befolkning (27 % i alderen 0-20 år). 4,2 % av innbyggjarane er over 80 år. 12,6 % av befolkninga har innvandrarbakgrunn.
 - Halvparten av innbyggjarane i kommunen bur i Langevåg som også er kommunesenteret. Dei fleste bur i einebustadar.
 - Frå 2018 til 2023 auka folketalet i fire av dei fem bygdene i kommunen.
 - Ca 750 kommunalt tilsette.
 - Ca 2960 yrkesreisande, elevar, pendlar til Ålesund o.a. Om lag halvparten av dei sysselsette innbyggjarane arbeider i Ålesund.
 - Ca 1100 pendlar til Sula.
 - Sula har høg grad av mobbing, også digital mobbing – godt over landsgjennomsnittet iflg elevundersøkinga 2023-24.
 - Idrettshallar (EPS-senter): Rørstadmarkahallen, Solevågshallen og Sulahallen.
 - Kraftforsyning v/Linja (tidl. Mørenett) sitt kabelnett frå fastlandet, redundant nett.
 - Det er behov for større regionalt perspektiv i samarbeidet mellom kommunane.
 - Det ligg store moglegheiter i samhandling og samskaping mellom offentleg sektor, sivilsamfunn og næringsliv.
- [Lenkje til kommunefakta for Sula kommune](#) (Statistisk sentralbyrå)

Samferdsel:

- Sula er eit viktig trafikknutepunkt ettersom Europaveg 39, kyststamvegen, går gjennom kommunen. Ei bru, eit hurtigbåtsamband og to ferjesamband knyter øysamfunnet til nabokommunane.
- Fiskerihamn
- Hamner ved ulike bedrifter langs heile nordsida av øya.
- Ferjekai i Solevåg og på Sulesund. Ferje- / hurtigbåtkai i Langevåg
- Skipsleia

Næringsliv:

- Fiskeri, grossist, mekanisk industri, offentleg sysselsetting, transport, verft
- Butikkar i Solevåg, Fiskarstrand og Langevåg
- Bensinstasjonar i Langevåg og Mauseidvåg
- Sunde Fjordhotel, ca 19 rom
- Devoldfabrikken

- Sula kommune har ei arbeidsplassdekning på 63,5 %. Dette er lågt, men typisk for kommunar som ligg tett på dei største byane i fylket.
- Landbruksnæring som er sårbar ved straummangel, ureining, naturskade, atomnedfall m.m. 5 gardsbruk i 2020.

5.0 Utvalde hendingar

Uønskte hendingar som veljast ut bør vere slike som kan:

- vere komplekse og kunne gi følgjehendingar
- føre til alvorlege konsekvensar for viktige samfunnsverdiar
- påverke på tvers av tenestene i kommunen og eksterne aktørar
- utfordre kommunen sin kapasitet
- vere eigna til å skape uro og frykt i befolkninga

Den heilskaplege ROS-analyse for Sula kommune omfattar 12 tenkte hendingar:

Analyserte hendingar	
1. Tap av kommunal bygning	7. Naturhending / ekstremvær
2. Pandemi / epidemi	8. Langvarig svikt i el-forsyning, inntil 3 døgn
3. Terrorhandling	9. Kontaminert vatn
4. Forureining	10. Digital infrastruktur
5. Atomulykke	11. Tryggingspolitisk krise
6. Langvarig brustenging, over 24 timar (Vegsundbrua)	12. Storulykke – t.d. gasslekkasje, eksplosjon, større vegulykke / sjøulykke

Samandrag av ROS-analysene står nedst i dette dokumentet. ROS-analysen ligg i eige dokument og er unnateke offentlegheit.

6.0 Gjennomføring og metode

Arbeidsgruppe for gjennomføring av ROS-analyse har vore samansett av kommunen sin beredskapskontakt, fagsjef IKT, personvernombod og politisk sekretariat. Kommunedirektøren si leiargruppe har vore styringsgruppe. Andre deltakarar i arbeidet har vore samansett av interne og eksterne partar alt etter kva hending som har vore analysert. Det har og vore henta inn ein del informasjon på førehand frå deltakarar som ikkje hadde moglegheit å møte. I analysene har vi brukt Sikri Samsvar sitt system “WhatIf” (kva om). Dette er eit webverktøy for styring av risiko som tar i bruk tilsette sine kunnskapar og erfaring for å sikre mangfald og engasjement. I verktøyet vart det laga ulike kort for hendingar som vart vurdert opp mot sannsyn og konsekvens.

I arbeidet nytta vi drøftingsbasert metode i gruppe. Vi har vurdert konsekvens- og sannsynskategoriar i kapittel 3.2.2 – 3.2.4. Litteraturstudie med utgangspunkt i «veileder til

helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen 2022», Politiets sikkerhetsteneste sine nasjonale trusselvurderingar.

7.0 Funn

ROS- analyse - hending	Antal grønne kort	Antal gule kort	Antal raude kort	Ikkje relevant kort	Kommentar – anbefalte tiltak
Atomulykke	3	3	0	0	U.off
Digital infrastruktur	2	3	3	1	U.off
Pandemi/ epidemi	1	5	1	0	U.off
Forurensing	1	3	0	1	U.off
Kontaminert vatn	1	3	0	0	U.off
Langvarig brustenging	2	4	1	0	U.off
Langvarig svikt i el-forsyning	13	5	0	0	U.off
Naturhending/ ekstremver	10	13	0	2	U.off
Storulykke	1	8	0	0	U.off
Tap av kommunal bygning	5	5	0	0	U.off
Terrorhandling	2	2	0	0	U.off
Tryggingspolitisk krise	2	7	3	0	U.off

GRØN
GUL
RAUD

Akseptabel risiko – førebuaende tiltak / beredskap er ikkje naudsynt, men bør vurderast

Akseptabel risiko – førebuaende tiltak / beredskap må vurderast

Uakseptabel risiko – førebuaende tiltak / beredskap er heilt naudsynt

Heimel for å unnta informasjonen for offentliggjeriing finn vi i Offentleglova § 24, tredje ledd, første punktum:

«§ 24.Unntak for kontroll- og reguleringstiltak, dokument om lovbrøt og opplysningar som kan lette gjennomføringa av lovbrøt m.m.

(...)

Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar når unntak er påkravd fordi innsyn ville lette gjennomføringa av straffbare handlingar. Det same gjeld opplysningar der unntak er påkravd fordi innsyn ville utsetje enkeltpersonar for fare, eller lette gjennomføringa av handlingar som kan skade delar av miljøet som er særleg utsette, eller som er trua av utrydding.»

Det vil bli utarbeida ein tiltaksplan ut i frå funna vi har gjort og tiltak vil bli tatt med inn i budsjettarbeidet vidare.

8.0 Kjelder

I forkant av- og under gjennomføring av ROS-analysen er det innhenta informasjon frå bl.a. følgjande kjelder:

- [Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen. DSB. 2020 v1](#)
- DSB sin «[Analysar av krisescenario 2019](#)»
- [DSB - statistikk over kommuneplanar og faktisk arealbruk i sjøområde](#)
- [PST sine nasjonale trusselvurderingar](#)
- [Statsforvaltar i Møre og Romsdal sin FylkesROS 2023](#)
- [Statsforvaltaren i Møre og Romsdal - oppfølgingsplan](#)
- [FN sine berekraftsmål](#)
- Norsk klimaservicesenter sin [Klimaprofil Møre og Romsdal](#)
- Diverse kart og rapportar frå NVE, GeoStrøm, Multiconsult, Vegdata o.a.
(flomaktsomheitskart, oversiktskartegging kvikkleire, skredfarekartlegging, havnivå ved stormflo, trafikkmengde m.v.)
- [NOU 2023:17 Nå er det alvor – Rustet for en usikker fremtid](#)
- Statistisk [sentralbyrå](#) (ssb.no)
- [Lovdata – forskrift om kommunal beredskapsplikt](#)
- [Lovdata – lov om kommunal beredskapsplikt – sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret](#)
- Rayvn – risiko- og sårbarheitsanalyse
- Giske kommune – heilskapleg ROS
- Sula kommune si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse, 2017
- [Miljødirektoratet - verneområde](#)
- Ålesund brannvesen IKS – ROS- analyse